

# Arrangementstilskot til større nasjonale og internasjonale junior- og seniormeisterskap

Idrettslag og særforbund kan søkje tilskot til store nasjonale og internasjonale junior- og seniormeisterskap som skapar stort engasjement, samhald, motivasjon til idrettsleg satsing og positive ringverknader for næringslivet.

## Kven kan søkje?

- Organisasjonsledd knytt til Norges idrettsforbund, Norges Bilsportsforbund og Det Frivillige Skyttervesen. Andre organisasjonar blir vurdert særskilt.
- Idrettslag med adresse i Hordaland.

## Søknadsfrist

- 14. januar

## Kva kan støttast?

- Det kan søkjast om generell meisterskapsstøtte.
- Ordninga gjeld for større nasjonale og internasjonale seniormeisterskap (ikkje Norgescup).
- Meisterskap som er likestilt med nasjonale meisterskap som til dømes landsskyttarstevne kan også søke om tilskot.
- Det same meisterskapet kan støttast frå denne ordninga i tre år. Etter det kan det ev. søkjast om driftstilskot til arrangementet.

## Vurdering av søknad

---

Kriterier som skal omtalast i søknaden:

- Tal og geografisk spreing på deltakarar.
- Rekruttering og opplæring av frivillige.
- Budsjett med detaljar om påmeldingsavgift.
- Krav om kommunal medverknad.
- Medie- og marknadsføringsstrategi for arrangementet.
- Nasjonal mediedekning.
- Tyding for lokalsamfunnet i høve til lokalt næringsliv og andre samarbeidspartar.
- Arrangør har ein klår og tydeleg miljøprofil (grøne arrangement)
- Vestland fylkeskommune har rett til å gjere egne vurderingar knytt til regionale føringar og styringsdokument.

## Oppfølging, rapportering og kontroll

---

Fristen for rapportering er 3 månader etter gjennomført meisterskap. Rapporten skal innehalde skildring av gjennomføring og rekneskap for arrangementet.

## Klage

---

Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket innan ein frist på tre veker. Fristen blir rekna frå den dagen søkjar motteke melding om vedtaket. Den fylkeskommunale klagenemnda er klageinstans. Ein klage må innehalde opplysningar om kva vedtak det blir klaga over, årsaka til at det blir klaga og kva endringar ein meiner bør gjerast, og sendast til: [vlfk@vlfk.no](mailto:vlfk@vlfk.no)